

# **DISTRIKTMUSIKARORDNINGA I SOGN OG FJORDANE**

## **SAMARBEIDSAVTALE MELLOM FYLKESKOMMUNEN OG VERTSKOMMUNANE**

### **1. Innleiing**

Distriktsmusikarordninga i Sogn og Fjordane er oppretta for å sikre tilgang til profesjonelle musikkrefter i Sogn og Fjordane. Distriktsmusikarordninga er forankra i «Kultur for alle - Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027», jf FT-sak 40/18 og i «Handlingsprogram 2019-2022», jf FT-vedtak 51/18. Ordninga har røter tilbake til 1987, og samarbeidet mellom fylkeskommunen og vertskommunane byggjer på utgreiingar om musikklivet i fylket og politiske vedtak, ma. i fylkeskulturutvalet, KU-sak 13/92, Musikkplanen 2002-2006, evalueringa av fylkesmusikarordninga og seinare handsaming i fylkeskommunen og vertskommunane.

- A. Denne avtalen gjeld retningsliner og vilkår for samarbeidet om distriktsmusikarordninga i Sogn og Fjordane mellom fylkeskommunen og vertskommunane Førde, Gloppen, Leikanger og Lærdal.
- B. Distriktsmusikarordninga i Sogn og Fjordane omfattar totalt 20 distriktsmusikarstillingar, fordelt slik: Førde (8), Gloppen (6), Leikanger (5) og Lærdal (1).
- C. 5 av stillingane har folkemusikk som arbeidsfelt: Førde (2), Gloppen (1), Leikanger (1) og Lærdal (1).
- D. Avtalen gjeld også vilkår for fylkeskommunen sine kjøp av produksjonar innan Den kulturelle skulesekken (DKS).

### **2. Økonomi**

#### *2.1 Fylkeskommunen sitt ansvar*

- A. Kvar av kommunane Førde, Gloppen, Leikanger og Lærdal får tilskot til 50% av lønsutgiftene for utøvardelen for sine distriktsmusikarstillingar. Utøvardelen vert rekna til 50% av full stilling.
- B. Dersom ein vertskommune går ut av ordninga eller på andre måtar endrar sin medverknad, skal fylkeskommunen i forståing med avtalepartane nytte eventuelle frigjorte ressursar innanfor distriktsmusikarordninga.
- C. Tilskotet vert rekna ut på grunnlag av faktisk medgåtte ordinære lønsutgifter pr. stilling, inkludert feriepengetillegg, pensjonsavgift, arbeidsgjevaravgift og andre tillegg dei tilsette har krav på etter hovudtariffavtalen. Det er ein føresetnad at dei samla utgiftene ikkje overstig budsjettamma (jf. pkt. 4 i vedtaket i KU-sak 13/92). Eventuelle sjukmeldingar utover arbeidsgjevarperioden skal trekkjast frå i utrekninga av tilskotet.
- D. Fylkeskommunen yter eit tilskot til instrumentgodtgjersle tilsvarande 25% av dei faktisk medgåtte utgifter til instrumentgodtgjersle pr. distriktsmusikarstilling.

E. Fylkeskommunen stiller ein administrativ ressurs til rådvelde for distriktsmusikarordninga, som skal nyttast til arbeidsoppgåver som rådgjeving, møteverksemd, koordinering av fellesprosjekt og produksjonar innan Den Kulturelle skulesekken som fylkeskommunen og vertskommunen har inngått avtale om.

## *2.2 Vertskommunen sitt ansvar*

A. Kvar av vertskommunane har arbeidsgjevaransvaret for distriktsmusikarstillingane i dei kommunane som vert omfatta av denne avtalen.

B. Kvar vertskommune stiller ein administrativ ressurs til rådvelde for utøvardelen i distriktsmusikarstillingane som skal nyttast til arbeidsoppgåver som sal og marknadsføring av tenester, lokal koordinering av oppdrag og fellesprosjekt med andre aktørar, og vere kontaktperson for fylkeskommunen (gjeld også DKS-produksjonar som fylkeskommunen og vertskommunen har inngått avtale om).

C. Vertskommunen skal i samråd med fylkeskommunen sikre at turnear og fellesprosjekt vert gjennomført på ein effektiv måte.

D. Vertskommunane pliktar å gje melding til fylkeskommunen så snart som råd ved endringar i tilsetjings- eller arbeidstilhøva i distriktsmusikargruppene.

## **3. Fylkeskommunen sin disposisjonsrett**

A. Med grunnlag i vedtak i fylkeskulturutvalet 13.11.91 (KU-sak 61/91) er det eit vilkår at "musikarane vert stilte til rådvelde for fellestiltak etter nærare avtale".

B. Musikarane skal - innanfor arbeidstida si - stillast til rådvelde for fylkeskommunen i inntil 10 dagar pr. halvår. Denne muskarressursen vert kalla Fylkeskvoten. Eksterne arrangørar kan søkje om å få bruke fylkeskvoten i regionale prosjekt med søknadsfrist 1. oktober for vårterminen og 1. april for haustterminen. Musikarane skal då kunne delta i særskilte prosjekt som t.d. større musikkdramatiske oppsetjingar, opera- eller orkesterverk, kyrkjemusikalske verk eller andre tiltak etter fylkeskommunen si avgjerd.

C. Fylkeskommunen skal i god tid informere vertskommunane om sine planar for bruk av muskarane, slik at kommunane kan innarbeide desse i si planlegging, seinast 1. mai for haustterminen, seinast 1. november for vårterminen.

D. Vertskommunane får ikkje ekstra lønnskompensasjon for fylkeskommunen sin bruk av muskarane innanfor fylkeskommunen sin avtalefesta kvote.

E. Arrangør som får tildelt fylkeskvote har ansvaret for å dekkje reise- og opphaldsutgifter, anten direkte til muskarane eller etter refusjon frå vertskommunane. Fylkeskommunen skal synleggjerast som samarbeidspart i marknadsføringa.

F. Det skal utarbeidast arbeidsplan for gjennomføringa av slike særskilte prosjekt.

G. Produksjonar i samband med Den kulturelle skulesekken vert ikkje rekna som særskilte prosjekt under pkt. 3B.

#### **4. Vilkår for kjøp av konsertproduksjonar som fylkeskommunen har ansvar for**

##### *4.1 Fylkeskommunen sitt ansvar*

A. Fylkeskommunen skal i god tid vere i dialog med vertskommunane om korleis muskarane er planlagt nytta, seinast 1. mai for haustterminen, seinast 1. november for vårterminen (Jf. pkt. 3 C).

B. Dersom det ikkje er tilsett muskarar i ledig stilling innan 3 månader før produksjonsstart, kan fylkeskommunen redusere kjøp av tenester frå aktuell vertskommune.

C. Fylkeskommunen dekkjer utgifter til reise, diett og overnatting direkte til muskarane. I tillegg overfører fylkeskommunen for kvar turné eit beløp pr. konsertdag pr. muskar som tilsvarar gjeldande sats for dagshonorar (jf. Rammeavtalen for DKS). Prøvetida pr. produksjon skal vere avtala skriftleg med aktuell vertskommune på førehand, og skal godtgjerast med eit beløp tilsvarande gjeldande sats for prøvetid.

D. Talet på konsertdagar og muskarar som skal på turné kan av ulike årsaker variere (t.d. ved endringar i turnepremissar, turnédistrikt m.m.) Fylkeskommunen pliktar å gje skriftleg melding om slike endringar så tidleg som råd, men seinast 6 veker før turnéstart.

E. Fylkeskommunen nyttar også andre muskarar enn distriktsmuskarar i produksjonar for Den kulturelle skulesekken. Dersom desse muskarane er tilsett i ein av vertskommunane, gjeld same vilkår for kjøp av konsertproduksjonar (Jf. pkt. 4.1 og 4.2).

##### *4.2 Vertskommunen sitt ansvar*

A. Vertskommunen må stille eigna lokale for prøver til rådvelde. Lokala, som må vere tilgjengelege både på dag- og kveldstid, må vere tilfredsstillande lydisolerte slik at muskarane kan arbeide uforstyrra. Etter avtale må prøvelokala også kunne nyttast i samband med fellesprosjekt som fylkeskommunen har ansvaret for.

B. Vertskommunen må så tidleg som råd gje melding om endringar som kan påverke innhald og gjennomføring av ein produksjon.

C. Dei produksjonane som vert omfatta av denne avtalen, må ikkje nyttast av vertskommunen i andre samanhengar utan etter avtale med fylkeskommunen.

#### **5. Tilsetjingar og prøvespel**

A. Dei einskilde vertskommunane kallar inn muskarar til prøvespel. Ved utlysing av og tilsetjing i distriktsmuskarstillingar skal fylkesmusikkleiaren delta i dei faglege vurderingane.

B. Fylkeskommunen dekkjer utgiftene til sensor under prøvespelet. Vertskommunen dekkjer andre utgifter.

C. Ved prøvespel skal det opprettast ein jury med slik samansetjing:

1. Rektor ved kulturskulen i den aktuelle vertskommunen.
2. Fylkesmusikkleiar.
3. Ekstern sensor.
4. Ein representant for den aktuelle distriktsmusikargruppa.
5. Ein representant frå fagorganisasjon.

D. Juryen legg fram ei rådgjevande innstilling til vertskommunen som gjer vedtak om tilsetjing.

## **6. Tenesteytingar i regionen**

Vertskommunane pliktar å marknadsføre og tilby utøvartenester på ein slik måte at tenestene kan komme heile fylket til gode. Innanfor eigen region skal kvar vertskommune marknadsføre og prise utøvartenestene slik at dei - så langt råd er - er tilgjengelege på same vilkår i heile regionen. Vertskommunane har i samarbeid med fylkeskommunen ansvar for å finne fram til mest mogleg lik praksis for sal av samanliknbare tenester.

## **7. Rapportering**

Vertskommunen sender inn årsrapport for distriktsmusikarane kvart år.

## **8. Avtaleperiode**

Denne avtalen gjeld frå 1. august 2019 til og med 31. desember 2024, deretter vert avtalen automatisk fornya for eitt år om gongen. Gjensidig oppseiingsfrist er 18 månader. Avtalen kan elles fornyast på grunnlag av drøftingar mellom partane.

Stad / dato

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Førde kommune

Gloppen kommune

Leikanger kommune

Lærdal kommune